

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:** Haugesund sjukehus  
**MØTETIDSPUNKT:** 23.09.16 kl. 09.00 – 11.30

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Solfrid Borge	Medlem
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Nina Budal	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem

### FORFALL FRA STYRET

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Stina Steingildra	Kommunikasjonsrådgjevar
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

**SAKLISTE**

<b>SAKLISTE</b>		<b>UNDERLAG</b>
Sak 046/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 047/16	Godkjenning av protokoll 17.06.16	Vedlagt
Sak 048/16	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 049/16	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 050/16	Internrevisjon gevinstrealisering bygg	Vedlagt
Sak 051/16	Møteplan for styret i Helse Fonna 2017	Vedlagt
Sak 052/16	Tilleggsdokument til styringsdokument Helse Fonna HF 2016	Vedlagt
Sak 053/16	Risikorapportering 2.tertial 2016	Vedlagt
Sak 054/16	Verksemdsoverdraging EPJ-forvaltning til Helse Vest	Vedlagt
Saker til orientering:		
Sak 055/16	Nasjonale kvalitetsindikatorar	Vedlagt
Sak 056/16	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

---

**Sak 046/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar meldte at diverse møteinformasjon blir gitt under sak 056/16

Administrerende direktør meldte som punkt 8 i sak 048/16 «Informasjon om medieoppslag om drifta på Stord sjukehus i ferien»

Administrerende direktør meldte ei sak til eventuelt (sak 056/16): Erverv av eigedom  
Styret vedtok å lukke saka etter Helseføretakslova § 26a

**Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 047/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 17.06.16****Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 17.06.16

**Sak 048/16 Administrerende direktør si orientering**

1. Rapportering tilsynssaker  
Administrerende direktør viste til vedlagte notat
2. Oversikt over aktuelle høyringar  
Administrerende direktør viste til vedlagte notat
3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerende direktør viste til vedlagte notat

4. Prosjekt for Odda og Stord sjukehus

Administrerende direktør orienterte om status for prosjektet for Odda og Stord sjukehus. Rapporten er sendt på høyring. Styresak blir lagt fram for styret i oktober 2016.

Administrerende direktør orienterte om at prosjektet for Odda vil halde fram og venteleg bli avslutta før årsskiftet.

5. PasOpp 2015

Administrerende direktør orienterte om resultatene frå den nasjonale PasOpp undersøkinga i 2015.

6. Status bygg Haugesund

Prosjektleder Bygg 2020 Laila Nemeth orienterte.

7. Riving Karmsundgata 120 C (Blokksberg)

Administrerende direktør orienterte om at ein planlegg å rive Blokksberg-bygget hausten 2016.

8. Administrerende direktør orienterte om medieoppslag og melding som er sendt Fylkesmannen frå tillitsvald NSF Stord sjukehus angående drifta ved Stord sjukehus sommaren 2016.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek meldingane til orientering

### **Sak 049/16 Rapport frå verksemda**

#### **Oppsummering**

Akkumulert er det økonomiske korrigerede resultatet på 17,7 millionar kroner mot budsjettert overskot på 26,6 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 8,9 millionar kroner. Prognosen er for 2016 justert ned med 10 millionar kroner til eit årsresultat på 30 millionar kroner. I august var resultatet 1,7 millionar lågare enn budsjett.

Inntektene totalt i august viser eit positivt avvik på 0,7 millionar kroner.

Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig negativt avvik på 3,4 millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert innleie av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 4,1 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit positivt avvik på 4,2 millionar kroner.

Pr august månad synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 52,7 millionar kroner. Det utgjer 50,1% av det samla budsjettet for 2016.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 481 millionar kroner, noko som er ei forverring på 40 millionar kroner i forhold til mai månad.

### **Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk**

Tal DRG poeng er høgare enn plan. Sjukehusopphald og polikliniske konsultasjonar noko høgare enn plan. Tal dagbehandling er noko lågare enn plan.

### **Ventetid**

Talet på fristbrot har gått opp i sommar Det var 42 ventande pasientar som hadde fristbrot pr. 01.09.16. Mange av fristbrota er feilregistreringar som er retta. To fagfelt peiker seg ut (urologi og endokrinologi) og det er gjort greie for årsaker og tiltak innan desse felta.

Ventetida for alle behandla pasientar var i perioden 61 dagar, noko som er innanfor målkravet på 65 dagar.

### **Epikrisetid**

4 av 5 epikriser blei sendt innan fristen.

### **Korridorpasientar**

Talet på korridorpasientar er ikkje innanfor målkravet (0 pasientar – 0 prosent). 206 av 7214 pasientdøgn var på korridor i perioden (2,9 prosent).

Det var i perioden 101 liggedøgn for utskrivningsklare pasientar i føretaket.

### **Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern**

Tal døgnbehandling og polikliniske konsultasjonar for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan. Innan BUP er polikliniske konsultasjonar og lågare enn plan.

### **Sjukefråvær**

Sjukefråværet i august var 5,3 prosent.

### **HMS**

I august 2016 var det meldt 275 saker til meldesystemet Synergi. Pr. august er 40,9 % av sakene pasientretta og 9,8 % HMS/ tilsettskadar.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

## **Sak 050/16 Internrevisjon gevinstrealisering bygg**

### **Oppsummering**

Leiar for internrevisjon Helse Vest RHF Bård Humberset presenterte innhaldet i rapport « Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt»

Internrevisjonen i Helse Vest RHF varsla i brev dagsett 21.03.16 internrevisjon av planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekter. Føremålet med revisjonen er å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkelig og hensiktsmessig for å kunne realisere forventa gevinstar.

Rapport frå revisjonsarbeidet vart sendt føretaka 07.06.2016, og vert lagt fram for styret i Helse Fonna saman med handlingsplan for oppfølging av tilrådingane.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF tek rapporten «Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt» frå Internrevisjonen i Helse Vest RHF til etterretning
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følge opp dei tilrådingane som kjem fram av revisjonsrapporten og sende handlingsplanen til internrevisjonen i Helse Vest RHF
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør rapportere status på gjennomføring av handlingsplanen til styret i Helse Fonna HF og internrevisjonen i Helse Vest RHF

## **Sak 051/16 Møteplan for styret i Helse Fonna HF 2017**

Forslag til møteplan ble lagt fram for styret.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret vedtek møteplan for styret i Helse Fonna HF 2017

## **Sak 052/16 Tilleggsdokument til styringsdokument Helse Fonna HF 2016**

### **Oppsummering**

I Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF 4.mai 2016 er det gitt presiseringar frå departementet om vidare oppfølging av Meld. St. 11 (2015 – 2016) Nasjonal helse - og sjukehusplan.

Administrerande direktør orienterte kort om hovudpunkta i tilleggsdokumentet. Det ble gitt informasjon om skifte av revisor i Helse Fonna HF frå regnskapsåret 2016 og om prosess for utarbeiding av utviklingsplanar i føretaket.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2016 for Helse Fonna HF

## Sak 053/16 Risikorapportering 2.tertial 2016

### Oppsummering

Føretaksgruppa i Helse Vest har etter pålegg i oppdragsdokument og styringsdokument sidan 2009 gjennomført regelmessig, systematisk overordna risikostyring. Risikostyringa er gjennomført i tråd med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest som blei utforma i 2008, og som har blitt jamleg revidert etter dette.

For andre tertial 2016 er 2 risikoelement i grøn sone, 20 risikoelement i gul sone og 1 risikoelement i raud sone.

To risikoelement har auka risiko frå første tertial, det gjeld styringsmål 2, delmål 1, risikoelement 1A «At standardiserte pasientforløp ikkje er implementert» som har auka sannsynlegheit frå liten til moderat og styringsmål 2, delmål 1, risikoelement 2B «At lårhalsbrot ikkje blir operert før det er gått 24 timar» som har auka sannsynlegheit frå liten til moderat. Seks risikoelement har redusert risiko frå første tertial, kor av eitt frå gul til grøn sone.

### Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar risikorapportering for andre tertial 2016 til etterretning.

## Sak 054/16 Verksemdsoverdraging EPJ-forvaltning til Helse Vest IKT

### Oppsummering

Innføring og vidareutvikling av felles regionale IKT-løysingar i Helse Vest stiller krav til ytterlegare samordning innanfor EPJ-området. Strategi for Felles EPJ fram mot 2020 har peika på at området bli meir kompleks og arbeidskrevjande. Det blir innført felles system innanfor fleire og fleire funksjonsområder. Identiske system blir satt opp likt og skal forvaltast på ein måte som skal sikre lik bruk på tvers av føretaksgrensene i Helse Vest. Vi treng å utvikle ei heilskapleg forvaltning der vi nyttar vår totale bemanningskapasitet og kompetanse på ein kostnadseffektiv måte.

Fase 1 av prosjekt *Optimalisering av EPJ-forvaltning* blei gjennomført i perioden mai 2015- februar 2016 på grunnlag av sak 12/15 i Direktørmøtet 13.04.2015 «*Etablering av eining for forvaltning av felles journalløysingar i Helse Vest*». I denne saka blei det tilrådd at ei felles forvaltningseininga vert etablert og lagt til Helse Vest IKT. Eit avgrensa utgreiingsarbeid måtte startast for å kunne realisere ei verksemdsoverdraging.

### Vedtak [samrøystes]

1. Styret godkjenner at det vert gjennomført overdraging av verksemd knytt til delar av EPJ-forvaltning frå helseføretaka i Helse Vest RHF til Helse Vest IKT AS.
2. Overdraginga skal gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtalar, jfr. Særleg Arbeidsmiljøloven §§16-1 – 16-17.
3. Styret ber administrasjonen i Helse Fonna HF i samarbeid med Helse Vest IKT om å gjennomføre verksemdsoverdraginga i god dialog med involvert personale.
4. Styret ber administrasjonen i Helse Fonna HF om å bidra til å gjennomføre verksemdsoverdraginga fortrinnsvis frå 15.10.2016 og seinast frå 01.11.2016.

## Sak 055/16 Nasjonale kvalitetsindikatorar

### Oppsummering

Nasjonalt kvalitetsindikatorsystem tar utgangspunkt i definisjon av kvalitet frå «Kvalitetsstrategien – Og bedre skal det bli...!» utarbeidd av Helse- og sosialdirektoratet i 2005. Nasjonale kvalitetsindikatorar blir publisert på nettstaden helsenorger.no. Nokre av indikatorane blir publisert årleg, nokre kvart tertial.

Administrerande direktør nyttar kvalitetsindikatorane for at føretaket skal bli betre. Indikatorane er tema i møte med leiarar, eigar og føretaksstyre.

I saka er det gjort greie for tiltak innan dei områda kor føretaket skårar dårlegare enn snittet.

### Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør arbeide vidare for å betre tilhøva innan dei områda kor føretaket ligg etter

## Sak 056/16 Eventuelt

### Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar vart delt ut til styret:

1. Auka sysselsettingsmidlar til vedlikehald
2. Avtale om legevaktsbygg
3. Brev frå Helse Vest til HOD
4. Brev. Rettleiar for arbeidet med utviklingsplanar
5. Odda kommune. Mandat for og val av representasjon til arbeidsgruppe.
6. Oppfølging av styresak – Mål på aktivitet i psykisk helsevern
7. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 22.06.16
8. Protokoll frå styremøte i Helse Vest 05.04.16
9. Årsplan for styret i Helse Fonna 2016

Styret tok meldingane til orientering

Styreleiar gav diverse møteinformasjon, mellom anna at styremøtet 27.10.16 og styreseminar 28.10.16 blir gjennomført på Stord DPS 27.10.16

### Lukka jf. Helseføretaksloven § 26a

### Erverv av eigeidom

Administrerende direktør orienterte styret om status i prosessen angående erverv av eideom knytt til bygg 2020.

Ref. Ingebjørg Kismul

20.09.16

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Sett: Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem



---

Helge Espelid

Medlem